

Utvalg for fast avfall, Norges Teknisk-Naturvitenskapelige Forskningsråd (NTNF)

Av *fylkesbyggesjef Arne Kjos*

Arne Kjos ble ansatt som fylkesbyggesjef i Hordaland fylke i 1973. Han er siv.ing. fra Norges Tekniske Høgskole, bygningsavd., 1943.

*Innlegg på møte i Norsk Forening for Vassdragspleie og Vannhygiene,
15. november 1973.*

Utvalget for fast avfall, søppel og slam, som er utvalget sitt fulle navn, vart oppretta av N.T.H.F. i november 1972. I utvalget var siv.ing. Andor Coucherong, avdelingsdirektør Marstrander som N.T.H.F.'s observatør, og siv.ing. Arne Kjos. Den siste som formann. Seinere er utvalget supplert med professor Nicolay Eeg-Larsen, og siv.ing. Terje Simensen er tilsett som utvalget sin sekretær og forskingsleidare. Meininga til N.T.H.F. ved å oppnemna dette utvalget, er å få ein konsentrert innsats for å byggja opp systematisk teknologisk og økonomisk kunnskap om behandling av fast avfall, søppel og slam.

I avtalen med N.T.N.F. er utvalget sitt formål fastsett slik:

«§ 1 a) Å fremme Fo.U. i tilknytning til avfall her i landet ved å koordinere og prioritere virksomheten ved høgskoler, universiteter og øvrige institusjoner. Man skal arbeide for å videreutvikle et

nordisk og internasjonalt samarbeid på dette området.

- b) Å gjøre resultatene av arbeidet tilgjengelig og kjent på en slik måte at det kan være til hjelp for lovgivere, utredende instanser, kommuner, rådgivende virksomhet og industri i disses arbeid med å finne den til enhver tid beste løsning på problemet disponering av avfall.
- c) Å arbeide for en tilstrekkelig rekruttering av fagfolk til feltet.»

Avfallproblemet som forskingsoppgåve, kan angripast på mange måter og ut frå mange føresetnader.

- 1. Vi kan akseptere vårt nåverande åtferdsmønster som f.eks. for husholdningsavfall fører til at større og større del av varestrømmen, kanskje med vanskelegare og vanskelegare komponenter endar i boss-spann, blir henta samfengt av renovasjonsvesenet, og tatt hand om på ein eller annan deponeringsplass, destruksjonsanlegg eller tilbakeføringssystem.

Ut frå eit slikt syn, blir forsknings-opplegget å angripa problemet utanfrå på alle kantar. Utviklingsprognosar for mengde og sammensetting av avfall — transportøkonomiske analyser — analyse og utvikling av destruksjonsmetodar og tilbakeføringsanlegg ut frå miljø — ressurs — og hygieniske synsmåtar etc.

2. Vi kan ut frå ein konsekvensanalyse sjå om varestrømmen kan gis alternative sirkulasjonsmåtar, med ulike tilbakeføringsvegar. Altså bryta ein utviklingstendens, utan i serleg grad å gripa inn i det økonomiske system som er drivkraft i samfunnet vårt i dag, men likevel under ei total ressursvurdering, både på råstoff og energi.
3. Vi kan ut frå konsekvensanalysar forska ut frå den føresetnad at varestrømmen kan minkast vesentleg, ved restriksjonar på produsentstadiet og i omsetnadsledd. Det går t. d. an å produsera og omsetja «Long-life» barberblad i ein enkel papirinnpakning i staden for i flott etui festa på pappkartong i A-4 format og overtrekk med plast.

Slike omleggingar vil kunne få svære negative konsekvensar for

heile vårt næringsliv, men restriksjonar av dette slag kan vera nødvendige t. d. for å hindra innføring av visse stoff, det være seg giftstoff eller andre skadestoff.

Det er klart at utvalget i opplegget sitt ikkje må utelukka nokon av desse synsmåtane.

Frå før er det innan dette forskingsfeltet sett i gang vesentlege prosjekt, av forskingsinstitusjonar, kommunar og gjennom opplegg frå Miljøverndepartementet.

Det er vår oppgåve å samarbeide med og få koordinert det arbeidet som er sett i gang, og setja det inn under eit heilhetssyn. Ved dei fellesmøte og enkeltkontaktar vi har hatt med dette formålet, har det vist seg at det er ein sterk vilje til stades til samarbeid og til å underordna seg ei felles styring.

Utvalget sitt arbeid er føresett koncentrert over 5—6 år. Under arbeidet vil vi etter kvart prøva å gjera kjend og tilgjengeleg dei resultata vi kjem fram til, gjennom foredrag, kurs, og kanskje eige tidsskrift.

Dette møte er vårt første møte utanom eigne kretsar og er eit ledd i å gjera arbeidet vårt kjend og diskutert.

Eg vonar at det vil lykkast.